

**VÅGÅ KOMMUNE
REGULERINGSPLAN FOR NYTT BUSTADFELT PÅ LALM.**

REGULERINGSFØRESEGNER.

§ 1

Det regulerte området er vist med reguleringsgrense på planen.

Etter at reguleringsplanen er godkjend, er det ikke høve til å gjøre privatrettslege avtaler som er i strid med planen og føresegnerne.

§ 2

BYGGJEOMRÅDER FOR BUSTAD, område B1; konsentrert småhusbusetnad.

1. Ved søknad om byggetillatelse skal det vedleggjast ein samla utomhusplan i målestokk 1:500 for område B1, som skal vise framtidig samla bustadhús med tilhørende anlegg, garasjer og parkeringsplassar.

På planen skal angjevast eventuelle uthus, forstøtningsmurer, gjerder, av- og pålessing, lagerareal, terremessig behandling med høgdeangjeving, avvatning og overflatetype.

Fjerning av tre, ny beplantning og opparbeiding samt elles ferdigstillelse av ubebygd areal skal angjevast.

2. I område B1 kan oppførast busetnad i inntil 2 høgder. Maksimal tillatt bebygd areal er BYA= 30%, jfr. byggeforskriftene kap.22. Maksimal gesimshøgde er 7 m frå planert terreng.

Busetnaden skal ha saltak med takvinkel mellom 20 og 40 grader, men ikkje slik at mønehøgda overstig 9 m.

3. Til- og påbygg, garasjer og uthus skal tilpassast bustadhuset i materialval, takvinkel , form og farge.

4. Det krevjast 1 garasje- og 1 parkeringsplass pr. bustad. Garasje- og parkeringsplassane skal opparbeidast i fellesanlegg og ferdigstilla samstundes med ny busetnad.

§ 3

BYGGJEOMRÅDE FOR BUSTAD, område B2 og B3; einebustader.

1. Busetnaden skal vera åpen med bustadhús i $1\frac{1}{2}$ høgd. Der terrenget tillet det kan busetnaden oppførast med sokkelhøgd i tillegg. Maksimal tillatt bebygd areal for kvar tomt er BYA = 25 %, jfr. byggeforskriftene kap.22. Maksimal gesimshøgde er 7 m målt frå planert terreng.

Busetnaden skal ha saltak med takvinkel mellom 20 og 40 grader, men ikkje slik at mønehøgda overstig 9 m.

2. Busetnaden skal plasserast som vist på planen. Møneretting er vist i lengderetning av bygning. Det kan tillatast mindre endring i plassering innanfor byggegrensene og fråvik av vist møneretting dersom ein oppnår harmoni med terrenget og busetnaden elles.

3. Til- og påbygg, garasjer og uthus skal tilpassast bustadhuset i materialval, takvinkel , form og farge.

4. Det krevjast 1 garasje- og 1 parkeringsplass på eigen tomt.
For hybelhusvære krevjast eigen parkeringsplass i tillegg.

§ 4

FRIOMRÅDER, F1, F2 og F3.

1. Områda F1 og F2 skal opparbeidast som sandleikeplass med tilhøyrande leikeapparat.

2. Aust i område F3 skal ny trace for ljosløype anleggjast.

I området kan det opparbeidast ski- /akebakke med nødvendige innretningar.

Tre og anna vegetasjon skal i størst mogeleg grad bevarast.

Innafor området kan det ikkje settast igang tiltak som er til hinder for den allmenne ferdsel eller området sin bruk som friområde.

Det er ikkje tillate å nytte nokon del av friområdet til fylling av søppel eller avfall.

§ 5

SPESIALOMRÅDE / KOMMUNALTEKNISK ANLEGG, SK.

Området skal nyttast til føremål som er nødvendig for drifta av høgdebassanget.

§ 6

SPESIALOMRÅDE / TRAFOSTASJON, ST.

Området skal nyttast til transformatorstasjon med tilhøyrande innretning.

§ 7

SPESIALOMRÅDE / BEVARING, SB1-2.

I område SB1 og SB2 ligg kolgroper frå mellomalderen. Kolgropene og eit område kring dei på fem meter er automatisk freda etter lov om kulturminne §§ 4, 6 og 8. Det er ikkje tillate å grave, dekkje til eller på anna måte skjemme kulturminna. Alle tiltak i SB1 og SB2 skal leggjast fram for kulturvernstyresmaktene i Oppland fylkeskommune for godkjenning.

§ 8

Når særlege grunnar talar for det, kan det faste utval for plansaker gje dispensasjon få føresegne framfor.

oooooo OOOOOoooooo